

Else Bodil Gjørn får

Anders Kåre Engevik sin kulturvernpris for 2015

"Anders Kåre Engevik-prisen - kulturvernpris for Fusa" skal delast ut for fjerde gong i 2015.

I følgje statuttane skal prisen delast ut til den eller dei i Fusa som har gjort ein særleg innsats i å verna om kulturarven og formidla kulturhistoria til nye generasjonar. Prisen skal vera ei oppmuntring og ei verdsetjing av arbeid som er gjort både av einskildpersonar, private verksemder, offentlege institusjonar og lag og organisasjonar.

Prisen er ein diplom og ein gåvesjekk på kr 10.000,-. Prisen er stifta av Sævareidfjorden ungdomslag i samarbeid med Fusa kulturminnelag og Fusa kommune. I juryen sit Terje Raunsgard, Erik Vangsnes og Sveinung Norheim.

Anders Kåre Engevik sin kulturvernpris går i 2015 til ein kulturarbeider som i mange år har gjort ein uvurderleg innsats for å ta vare på og vidareføra lokal drakttradisjon. **Prisen i år går til Else Bodil Gjørn.** Else Bodil Gjørn får prisen for sitt årelange arbeid med å dokumentera kunnskap om klestradisjonar og eit møysamt arbeid med å rekonstruera drakter og klesplagg frå ulike tidsperiodar både for kvinner og menn, born og vaksne.

Else Bodil var ein av drivkreftene bak eit stort og systematisk arbeid på 1990-talet med å registrera plagg og bunadsdeler som låg att etter den gamle draktskikken kringom i heile Fusa. Else Bodil er mest kjend for at ho utifrå dette materialet har fått rekonstruert det vi i dag kallar Fusa-bunaden. Karakteristisk for kvinnedrakta frå perioden 1800-1850 er det høge livet, det breie beltet og variasjonen i fargar og plaggkombinasjonar. Ikkje utan grunn er dette blitt ein av favorittane til Bunad- og folkedraktrådet på Fagernes, som har godkjent han. Dei meiner arbeidet som er gjort med Fusa-bunaden er av uvanleg høg kvalitet.

Vi veit at denne innsatsen røynte på og det har ikkje vore lett å få innpass for ein tradisjon som hadde gått i gløymeboka. Hardanger-bunaden, eller nasjonalen, har stått sterkt. Ho skal ha honnør for aldri å ha gjeve opp.

Else Bodil har halde fram med nye prosjekt etter storarbeidet med Fusa-bunaden. Saman med fleire entusiastar i miljøet kring verksemda Hålandsdalen folkedraktsaum, har ho gjort nye spennande funn i det historiske materialet. «Fusaspøt», med revitalisering av lokal strikketradisjon i grenselandet mellom kvardagsklede og festdrakt, er siste skot på stamma. Utruleg spennande!

Else Bodil Gjørn er ein kulturberar av rang både i kraft av store kunnskapar og uvurderleg innsats over tid. Juryen og Sævareidfjorden ungdomslag gratulera med ein vel fortent pris.

Sævareidfjorden ungdomslag